



Lie Øyen Arkitekter AS
Balders gate 26
0263 OSLO

Dato: 30.04.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/11889-3

Fråsegn til oppstartmelding og planprogram for reguleringsplan for Dikkedokken - gnr 165 bnr 555 m.fl. Bergen kommune

Vi viser til brev datert 07.02.2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Dikkedokken, med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er næring og bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan/kommunedelplan der området er sett av til byutviklingsområde.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi viser til telefonsamtale med konsulent og beklagar at fråsegn kjem seint, dette skyldas ein glipp.

Vi vurderer at forslag til planprogrammer oversiktleg og dekkande for dei tema som bør utgreiast i saka.

- Kulturminne : Planarbeidet kan kome i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar på fleire punkt. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensalet før planen vert lagt fram til høyring.

Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

I den vidare planprosessen vil vi i særleg grad også legge vekt på følgjande plantema:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Senterutvikling

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Planprogrammet legger etter vår vurdering tilfredsstillande rammer for dokumentasjon og konsekvensar for kulturminneinteressene knytt til planarbeidet ved Dikkedokken.

Planarbeidet skjer i eit område med kulturminner og kulturminnemiljø av regional og nasjonal verdi. Om vi i den vidare planprosessen vurderer at planarbeidet er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi ber om at arbeidet i tillegg til kulturminne, legg særleg vekt på samordna areal og transport, arkitektur og estetikk, barn og unge sine interesser og senterutvikling.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Sigrid Næsheim Bjercke, Planseksjonen - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Inger Lena Gåsemyr, Kultur- og idrettsavdelinga.

Kopi til : Fylkesmannen i Hordaland